



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 01.06.2021  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 12:00 - 18:40

#### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Ordfører
Kjartan Haugsnes	SV	Varaordfører
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Amalie Johnsen Lunde	H	Medlem
Boris Groth	FRP	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem

---

#### Andre møtande:

Kommunedirektør Atle Fasteland,  
Kommunalsjef samfunnsutvikling Helge Berset,  
Økonomisjef Kenneth Stokke,  
Politisk sekretær Lin Tove Thomassen

---

### Saksliste

SAKSNR	TITTEL
43/2021	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
44/2021	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR
45/2021	REFERATSAKER OG MELDINGAR
55/2021	ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2020
46/2021	UTGREIING AV GRATIS BARNEHAGEPLASS TIL BORN AV STUDENTAR
47/2021	UTGREIING AV UTVIDA HELSESTASJON FOR UNGDOM OPP TIL 25 ÅR



## Vaksdal kommune

- 48/2021 DALEHALLEN GBNR 22/156) OG MESSO (GBNR 22/647) - DRØFTINGSSAK
- 49/2021 DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG REGULERINGSPLAN FOR JAMNETUNET OMSORGSBUSTADER
- 50/2021 DISPENSASJON FRÅ LNF-FØREMÅL I KOMMUNEPLANENS AREALDEL TIL FRÅDELING AV TOMT AV GBNR 3/3, BLOMDALSVEGEN 451
- 51/2021 FOND I VAKSDAL KOMMUNE - DRØFTINGSSAK
- 52/2021 SOLSKJERMING DALETUNET VURDERING
- 53/2021 DALSEIDVEGEN - PUNKTUTBETRING
- 54/2021 TRAFIKKSIKRINGSTILTAK DALE
- 56/2021 TERTIAL 1 - 2021 VAKSDAL KOMMUNE
- 57/2021 NY ORGANISASJONSMODELL
- 58/2021 VURDERING ANBUD PENSJONSLEVERANDØR
- 59/2021 ENDRING AV NAMN PÅ EKSINGEDALEN SKULE
- 60/2021 ENDRING AV NAMN PÅ STAMNES BARNEHAGE OG STAMNES SKULE
- 61/2021 PLASSERING AV MATVOGN PÅ KOMMUNAL GRUNN FOR SAL AV MAT SOM "TAKE AWAY"
- 62/2021 TV -AKSJONEN 2020 - STØTTE TIL PLAN NORGE
- 63/2021 MEDLEMSSKAP I VISIT BERGEN
- 64/2021 KOMITE FOR Å SJÅ PÅ MARKERING AV 10 ÅR ETTER 22. JULI - ÅTAKA
- 65/2021 KULTURPRISEN 2021



**43/2021: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Formannskapet endra rekkefølge for behandling av saker. Sak 55/2021 årsrekneskap og årsmelding 2020 vart behandla etter sak 45/2021 Referatsaker og meldingar.

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjent.

**FPØ - sak 43/2021 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**44/2021: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Protokollane vert godkjent slik dei ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Samrøystes godkjende.

**FPØ - sak 44/2021 Vedtak/Tilråding:**

Protokollane vert godkjent slik dei ligg føre.

---



**45/2021: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tekne til orientering.

**Forslag til referatsak 45/2020.03 lagt inn i møteportalen av ordførar:**

Formannskapet ber om å få ein høyringsuttale til behandling i kommunestyret 15.06 til Regional plan for vassforvaltning.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

**Ordførar la fram følgjande forslag til vedtak til referatsak 45/2021.03:**

Formannskapet ber om å få ein høyringsuttale til behandling i kommunestyret 15.06 til Regional plan for vassforvaltning.

Meldingar og referatsaker vart samrøystes teke til orientering.

Framlegg til vedtak i referatsak 45/2021.03 vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 45/2021 Vedtak/Tilråding:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

Formannskapet ber om å få ein høyringsuttale til behandling i kommunestyret 15.06 til Regional plan for vassforvaltning.

---

**55/2021: ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING VAKSDAL KOMMUNE 2020**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner drifts- og kapitalrekneskapen for Vaksdal kommune, for 2020. I tråd med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv, kapittel 4 og i same forskrift §4-3, er rekneskapen gjort opp i balanse.



## Vaksdal kommune

Mindreforbruk før avsluttande disponeringar i driftsrekneskapen, på 8 693 707,-, er avsett til disposisjonsfond i tråd med forskrifta før rekneskapen vert lagt fram.

Kommunenstyret godkjenner årsmelding for 2020 for Vaksdal Kommune.

I tråd med vedtak, blir det brukt 458 000,- av disposisjonsfond for å finansiere kr. 1000,- i gåve til ansatte, i tråd med vedtak 36/2021.

Budsjettjustering som følgjer blir vedtatt og tatt frå fond 256080000.

K 19400. Fordeles ansvar. Fordeles teneste  
D 11201. Fordeles ansvar. Fordeles teneste

Sum 458 000,-

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordeling midlane på rett ansvar og teneste.

### **Tilleggsforslag frå Sp, SV og Høgre lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes**

Av rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8 693 707,- vert kr. 3 090 000,- disponert slik:

#### 1. Trafikksikringstiltak Dale, jfr PS 54/21

Dalseidvegen 750 000,-  
Hestavollen – Kalvakroken 600 000,-  
Dale sentrum – Turbinen 1080 000,-  
Tilskot Vestland fylkeskommune - 590 000,-  
Vaksdal kommune avsett budsj - 1000 000,-

Til finansiering: 840 000,-

#### 2. Solskjerming Daletunet, jfr. PS 52/21

Kostnad 1 750 000,-  
Gjennomført sommaren 2021

#### 3. Asfalt

Avsett til asfaltfond 500 000,-

Tilsaman 3 090 000,-

### **Tilleggsforslag frå Arbeiderpartiet lagt inn i møteportalen av Thor Andersen**

Av det regnskapsmessige mindreforbruk på 8 693 707 for året 2020 forslår Ap følgende tiltak.

1. Vaksdal kommune styrkar tilbodet for born og unges psykiske helse ved å setje inn naudsynte tiltak på helsestasjonen. Budsjettet til Helsestasjonen vert styrka med



## Vaksdal kommune

kr. 450.000 for 2021.

2. Gratis SFO for 1 klassinger fra høsten 2021.

Denne universelle ordning innarbeides i budsjettet for 2022

Kr. 400 000

3. Styrking av asfalteringsfond

Kr. 1 000 000

4. Vegghengte fjernsyn på korttidsavdelingen Daletunet

Kr. 75 000

5. Finansiering av gratis barnehage for barn av studenter og lærlinger

jfr sak 46

kr. 250 000

Samlet kr 2 175 000

### **Fellesforslag Sp, SV, Høgre, Frp lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes**

Av rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8 693 707,- vert kr. 3 165 000,- disponert slik:

1. Trafikksikringstiltak Dale, jfr PS 54/21

Dalseidvegen 750 000,-

Hestavollen – Kalvakroken 600 000,-

Dale sentrum – Turbinen 1080 000,-

Tilskot Vestland fylkeskommune - 590 000,-

Vaksdal kommune avsett budsj - 1000 000,-

Til finansiering: 840 000,-

2. Solskjerming Daletunet, jfr. PS 52/21

Kostnad 1 750 000,-

Gjennomført sommaren 2021

3. Asfalt

Avsett til asfaltfond 500 000,-

4. Vegghengte fjernsyn på korttidsavdelingen Daletunet

Kr. 75 000

Tilsaman 3 165 000,-



**Behandling:**

Økonomisjef Kenneth Stokke orienterte om årsrekneskap for 2020.

**På vegne av Sp, SV og H la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande tilleggsforslag:**

Av rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8 693 707,- vert kr. 3 090 000,- disponert slik:

1. Trafikksikringstiltak Dale, jfr PS 54/21

Dalseidvegen 750 000,-  
Hestavollen – Kalvakroken 600 000,-  
Dale sentrum – Turbinen 1080 000,-  
Tilskot Vestland fylkeskommune - 590 000,-  
Vaksdal kommune avsett budsj - 1000 000,-

Til finansiering: 840 000,-

2. Solskjerming Daletunet, jfr. PS 52/21

Kostnad 1 750 000,-  
Gjennomført sommaren 2021

3. Asfalt

Avsett til asfaltfond 500 000,-

Tilsaman 3 090 000,-

**På vegne av Ap, la Thor Andersen fram følgjande tilleggsforslag:**

Av det regnskapsmessige mindreforbruk på 8 693 707 for året 2020 forslår Ap følgende tiltak.

1. Vaksdal kommune styrkar tilbodet for born og unges psykiske helse ved å setje inn naudsynte tiltak på helsestasjonen. Budsjettet til Helsestasjonen vert styrka med kr. 450.000 for 2021.

2. Gratis SFO for 1 klassinger fra høsten 2021.  
Denne universelle ordning innarbeides i budsjettet for 2022  
Kr. 400 000

3. Styrking av asfalteringsfond  
Kr. 1 000 000

4. Vegghengte fjernsyn på korttidsavdelingen Daletunet  
Kr. 75 000

5. Finansiering av gratis barnehage for barn av studenter og lærlinger  
jfr sak 46  
kr. 250 000



Samlet kr 2 175 000

Thor Andersen, Ap ba om at det vart votert over punkt for punkt.

Formannskapet drøfta saka.

Formannskapet tok ein pause for å avklare tekniske løysing for votering.

Kjartan Haugsnes, SV trakk fellesforslaget frå Sp, SV og Høgre.

**På vegne av Sp, SV, H, Frp la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande tilleggsforslag:**

Av rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8 693 707,- vert kr. 3 165 000,- disponert slik:

1. Trafikksikringstiltak Dale, jfr PS 54/21

Dalseidvegen 750 000,-  
Hestavollen – Kalvakroken 600 000,-  
Dale sentrum – Turbinen 1080 000,-  
Tilskot Vestland fylkeskommune - 590 000,-  
Vaksdal kommune avsett budsj - 1000 000,-

Til finansiering: 840 000,-

2. Solskjerming Daletunet, jfr. PS 52/21

Kostnad 1 750 000,-  
Gjennomførast sommaren 2021

3. Asfalt

Avsett til asfaltfond 500 000,-

4. Vegghengte fjernsyn på korttidsavdelingen Daletunet

Kr. 75 000

Tilsaman 3 165 000,-

**Røysting**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsforslag frå Arbeidarpartiet vert sett opp mot tilleggsforslag frå Sp,SV,H og Frp.

Arbeidarpartiet sitt forslag fekk to stemmer (Ap) og falt. Fellesforslaget fekk 5 stemmer (H,Frp,SP og SV) og vart vedteken.

**FPØ - sak 55/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret godkjenner drifts- og kapitalrekneskapen for Vaksdal kommune, for 2020. I tråd





med Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv, kapittel 4 og i same forskrift §4-3, er rekneskapen gjort opp i balanse. Mindreforbruk før avsluttande disponeringar i driftsrekneskapen, på 8 693 707,-, er avsett til disposisjonsfond i tråd med forskrifta før rekneskapen vert lagt fram.

Kommunestyret godkjenner årsmelding for 2020 for Vaksdal Kommune.

I tråd med vedtak, blir det brukt 458 000,- av disposisjonsfond for å finansiere kr. 1000,- i gåve til ansatte, i tråd med vedtak 36/2021.

Budsjettjustering som følger blir vedtatt og tatt frå fond 256080000.

K 19400. Fordeles ansvar.Fordeles teneste  
D 11201. Fordeles ansvar.Fordeles teneste

Sum 458 000,-

Kommunedirektøren får fullmakt til å fordeling midlane på rett ansvar og teneste.

Av rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 8 693 707,- vert kr. 3 165 000,- disponert slik:

1. Trafikksikringstiltak Dale, jfr PS 54/21

Dalseidvegen 750 000,-  
Hestavollen – Kalvakroken 600 000,-  
Dale sentrum – Turbinen 1080 000,-  
Tilskot Vestland fylkeskommune - 590 000,-  
Vaksdal kommune avsett budsj - 1000 000,-

Til finansiering: 840 000,-

2. Solskjerming Daletunet, jfr. PS 52/21

Kostnad 1 750 000,-  
Gjennomført sommaren 2021

3. Asfalt  
Avsett til asfaltfond 500 000,-

4. Vegghengte fjernsyn på korttidsavdelingen Daletunet  
Kr. 75 000

Tilsaman 3 165 000,-

---

**46/2021: UTGREIING AV GRATIS BARNEHAGEPLASS TIL BORN AV STUDENTAR**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**



Saka vert tatt til orientering

**Forslag frå Ap, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen,Ap**

Vaksdal kommune tilbyr born av studentar og lærlinger gratis barnehageplass fra 01.08.2021.

Definisjonen av studenter gjort i levekårsutvalget sitt vedtak 23.02.2021 ligger til grunn i forslaget med følgende punkter.

- Betalt semesteravgift
- Kan dokumentere en studieprogresjon i husstanden på minimum 50 prosent eller minimum en av forelder er lærling.
- Husstanden har samla skattepliktig inntekt lavere enn inntaksgrensen som kvalifiserer for redusert betaling

Finansiering tiltaket vil komme under sak 55.2021

Tiltaket innarbeides også i budsjettet for 2022.

**Levekårsutvalet 04.05.2021**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

**LEV - sak 12/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Levekårsutvalet si innstilling til kommunestyret:**

Saka vert tatt til orientering

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Thor Andersen, Ap sitt forslag som var lagt inn i møteportalen vart ikkje fremja under behandling av sak 46/2021.

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 46/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si tilråding til kommunestyret:**

Saka vert tatt til orientering



## **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

### **Levekårsutvalet 04.05.2021**

#### **Behandling:**

Trond Olav Magnussen, H stilte spørsmål ved sin habilitet i saka, då han er tilsett ved Helsestasjonen. Levekårsutvalet vedtok samrøystes at Trond Olav Magnussen ikkje er ugild.

#### **Amalie Johnsen Lunde, H la fram følgjande forslag til vedtak:**

Helsestasjon for ungdom utvida aldersgrensa til 25 år som eit prøveprosjekt på 1 år, med oppstart så raskt som praktisk mogeleg. Prosjektet blir evaluert og aldersgrensa blir vurdert permanent utvida etter prøveperioden.

#### **Amalie Johnsen Lunde, H, la deretter fram følgjande tilleggsforslag:**

Vaksdal kommune søkjer i 2022 tilskot til ytterligere styrking av dette tiltaket gjennom tilskotsordninga "Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten". Dette skal ikkje gå utover søknad om andre tiltak innanfor tenesta.

Utvalet drøfta saka.

#### **Røysting**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Høgre sitt framlegg til vedtak. Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 3 stemmer (Mona Grenasberg, SV, Lisa Johnsen Lunde, Ap og Ole Anders Brekkhus, Ap) og falt. Høgre sitt framlegg fekk 4 stemmer (Evy Beate Kvamme, SV, Trond Olav Magnussen, H og Amalie Johnsen Lunde, H) og vart vedteken.

Høgre sitt tilleggsforslag vart samrøystes vedteke.

### **LEV - sak 13/2021 Vedtak/Tilråding:**

#### **Levekårsutvalet si innstilling til kommunestyret:**

Helsestasjon for ungdom utvida aldersgrensa til 25 år som eit prøveprosjekt på 1 år, med oppstart så raskt som praktisk mogeleg. Prosjektet blir evaluert og aldersgrensa blir vurdert permanent utvida etter prøveperioden.

Vaksdal kommune søkjer i 2022 tilskot til ytterligere styrking av dette tiltaket gjennom tilskotsordninga "Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten". Dette skal ikkje gå utover søknad om andre tiltak innanfor tenesta.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

#### **Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.



Levekårsutvalet si innstilling vart vedteke med 5 stemmer (H,SV,SP, FRP) mot 2 stemmer (Ap).

**FPØ - sak 47/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Helsestasjon for ungdom utvida aldersgrensa til 25 år som eit prøveprosjekt på 1 år, med oppstart så raskt som praktisk mogeleg. Prosjektet blir evaluert og aldersgrensa blir vurdert permanent utvida etter prøveperioden.

Vaksdal kommune søker i 2022 tilskot til ytterligere styrking av dette tiltaket gjennom tilskotsordninga "Styrking og utvikling av helsestasjons- og skolehelsetjenesten". Dette skal ikkje gå utover søknad om andre tiltak innanfor tenesta.

---

**48/2021: DALEHALLEN GBNR 22/156) OG MESSO (GBNR 22/647) - DRØFTINGSSAK**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Både Dalehallen og Messo har eit stort vedlikehaldsetterslep estimert til hhv 47 mill kr og 20 mill kr (indeksregulert SSB 2021). I tillegg til dette kjem eventuell oppgradering til dagens standard.

Kommunedirektøren ber om innspel til saksutgreiing om framtida for bygga Dalehallen og Messo:

Kva alternativ skal denne saka utgreie ?

- Utgreiing av riving inkl. kostnadsanslag
- Utgreiing av sal/avhending inkl. kostnadsanslag
- Utgreiing av reparasjon og oppgradering til dagens standard inkl. kostnadsanslag (elektrisk anlegg, ventilasjon, isolasjon og ombygging for universell utforming).

**Forslag frå Arbeidarpartiet, lagt inn i møteportalen av Thor Andersen**

Kommunedirektøren utreder mulighet for salg av Dalehallen (22/156) og Messo (22/647) Det blir også lagt fram sak som belyser hvilke tilskuddsmidler man kan dra nytte av ved reparasjon/oppgradering av byggene for kommunen eller nye eiere.

**Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre, lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV**



Kommunestyret ber administrasjonen utgreie følgjande:

1. Sal/avhending av Dalehallen inkl. kostnadsanslag

Ved evn. sal må følgjande ligge til grunn.

- Krav til å behalde fasade
- Krav til aktivitet innan eit (1) år

2. Riving av Dalehallen inkl. kostnadsanslag

Oversendingsforslag:

a) Administrasjonen vert beden om å kome tilbake med sak om korleis ein kan utarbeide reguleringsplan med kulturminnegrunnlag for å få fram verneverdiane for Messo (Jebsahuset)

b) Administrasjonen vert beden om å undersøke moglegheitene for ekstern finansiering – tilskot frå fylkeskommunen, Mohn – stiftinga med fleire, gjeldande Messo (Jebsahuset)

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021

#### **Behandling:**

#### **På vegne av Ap, la Thor Andersen, Ap fram følgjande forslag til vedtak:**

Kommunedirektøren utreder mulighet for salg av Dalehallen (22/156) og Messo (22/647)  
Det blir også lagt fram sak som belyser hvilke tilskuddsmidler man kan dra nytte av ved reparasjon/oppgradering av byggene for kommunen eller nye eiere.

#### **På vegne av SV, Sp og Høgre la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande fellesforslag:**

Kommunestyret ber administrasjonen utgreie følgjande:

1. Sal/avhending av Dalehallen inkl. kostnadsanslag

Ved evn. sal må følgjande ligge til grunn.

- Krav til å behalde fasade
- Krav til aktivitet innan eit (1) år

2. Riving av Dalehallen inkl. kostnadsanslag

Oversendingsforslag:

a) Administrasjonen vert beden om å kome tilbake med sak om korleis ein kan utarbeide reguleringsplan med kulturminnegrunnlag for å få fram verneverdiane for Messo (Jebsahuset)

b) Administrasjonen vert beden om å undersøke moglegheitene for ekstern finansiering – tilskot frå fylkeskommunen, Mohn – stiftinga med fleire, gjeldande Messo (Jebsahuset)

Thor Andersen, Ap trakk sitt forslag til vedtak.



Fellesforslaget vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 48/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret ber administrasjonen utgreie følgjande:

1. Sal/avhending av Dalehallen inkl. kostnadsanslag  
Ved evn. sal må følgjande ligge til grunn.
  - Krav til å behalde fasade
  - Krav til aktivitet innan eit (1) år

2. Riving av Dalehallen inkl. kostnadsanslag

Oversendingsforslag:

- a) Administrasjonen vert beden om å kome tilbake med sak om korleis ein kan utarbeide reguleringsplan med kulturminnegrunnlag for å få fram verneverdiane for Messo (Jepsahuset)
- b) Administrasjonen vert beden om å undersøke moglegheitene for ekstern finansiering – tilskot frå fylkeskommunen, Mohn – stiftinga med fleire, gjeldande Messo (Jepsahuset)

---

**49/2021: DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANENS AREALDEL OG REGULERINGSPLAN FOR JAMNETUNET OMSORGSBUSTADER**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå fyljande planar og føresegner:

- Arealføremål «Bustadbebyggelse noverande» - kommuneplanens arealdel, for oppføring av omsorgsbustader
- Arealføremål «Konsentrert bustadbebyggelse» - Reguleringsplan for Jamnegarden, for oppføring av omsorgsbustader
- Regulert byggjegrense mot veg – Reguleringsplan for Jamnegarden
- Arealføremål «Anna veggrunn» - Reguleringsplan for Vaksdal del vest, for omlegging av regulert gang-/og sykkelsti
- Avstand til kommunal veg – veglova
- Tek 17, § 13-6 om krav til lydisolasjon til opphaldsrom i bustadeiningane
- Omsynnsone felles planlegging (plankrav)

Med fyljande vilkår:

Vaksdal kommune skal ved neste rullering av kommuneplanen endre arealføremålet i tråd med at



arealet no vert bygd ut med omsorgsbustader.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 49/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå fyljande planar og føresegner:

- Arealføremål «Bustadbebyggelse noverande» - kommuneplanens arealdel, for oppføring av omsorgsbustader
- Arealføremål «Konsentrert bustadbebyggelse» - Reguleringsplan for Jamnegarden, for oppføring av omsorgsbustader
- Regulert byggjegrænse mot veg – Reguleringsplan for Jamnegarden
- Arealføremål «Anna veggrunn» - Reguleringsplan for Vaksdal del vest, for omlegging av regulert gang-/og sykkelsti
- Avstand til kommunal veg – veglova
- Tek 17, § 13-6 om krav til lydisolasjon til opphaldsrom i bustadeiningane
- Omsynnsone felles planlegging (plankrav)

Med fyljande vilkår:

Vaksdal kommune skal ved neste rullering av kommuneplanen endre arealføremålet i tråd med at arealet no vert bygd ut med omsorgsbustader.

---

**50/2021: DISPENSASJON FRÅ LNF-FØREMÅL I KOMMUNEPLANENS AREALDEL TIL FRÅDELING AV TOMT AV GBNR 3/3, BLOMDALSVEGEN 451**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanens arealdel til frådeling av ein parsell på ca 1200 m2 av gbnr 3/3 til oppføring av fritidsbustad.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 6 mot 1 stemme (SV).



**FPØ - sak 50/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanens arealdel til frådelling av ein parsell på ca 1200 m<sup>2</sup> av gbnr 3/3 til oppføring av fritidsbustad.

---

**51/2021: FOND I VAKSDAL KOMMUNE - DRØFTINGSSAK**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

**Forslag frå SV, Sp og Høgre lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes, SV**

1. Saka vert utsett til første kommunestyremøte hausten 2021
2. Formannskapet ber om at administrasjonen greier ut følgjande til ny sak.
  - Er det mogleg å slå saman næringsfond og landbruksfondet til eitt fond?
  - Er det evn mogleg å gjere om landbruksfondet til eit samla nærings- og landbruksfond?
  - Kan ein til dømes gjennom finansreglementet gjere vedtak om å binde opp deler av overskot/avkastning på aksjar/verdipapir til næringsføremål årleg?
  - Om ein vel å etablere eit nytt fond, er det mogleg å presentere måtar å forvalte eit næringsfond på – regelverk, praksis osv.

Sjå til dømes til Kvinnherad med fleire som har aktive næringsfond.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

**På vegne av SV, Sp og Høgre sette Kjartan Haugsnes, SV fram eit utsetjingsforslag:**

1. Saka vert utsett til første kommunestyremøte hausten 2021
2. Formannskapet ber om at administrasjonen greier ut følgjande til ny sak.





- Er det mogleg å slå saman næringsfond og landbruksfondet til eitt fond?
- Er det evn mogleg å gjere om landbruksfondet til eit samla nærings- og landbruksfond?
- Kan ein til dømes gjennom finansreglementet gjere vedtak om å binde opp deler av overskot/avkastning på aksjar/verdipapir til næringsføremål årleg?
- Om ein vel å etablere eit nytt fond, er det mogleg å presentere måtar å forvalte eit næringsfond på – regelverk, praksis osv.

Sjå til dømes til Kvinnherad med fleire som har aktive næringsfond.

Utsetjingsforslaget vart samrøystes vedteke.

### **FPØ - sak 51/2021 Vedtak/Tilråding:**

1. Saka vert utsett til første kommunestyremøte hausten 2021
2. Formannskapet ber om at administrasjonen greier ut følgjande til ny sak.
  - Er det mogleg å slå saman næringsfond og landbruksfondet til eitt fond?
  - Er det evn mogleg å gjere om landbruksfondet til eit samla nærings- og landbruksfond?
  - Kan ein til dømes gjennom finansreglementet gjere vedtak om å binde opp deler av overskot/avkastning på aksjar/verdipapir til næringsføremål årleg?
  - Om ein vel å etablere eit nytt fond, er det mogleg å presentere måtar å forvalte eit næringsfond på – regelverk, praksis osv.

Sjå til dømes til Kvinnherad med fleire som har aktive næringsfond.

---

### **52/2021: SOLSKJERMING DALETUNET VURDERING**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Solskjerming av Daletunet vert bestilt, i samsvar med saksutgreiinga. Kommunedirektør innhentar tilbod på solskjerming frå leverandør. Tiltaket vert innarbeidd i budsjettforslag for 2022 med inntil 2 MNOK.

#### **Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes,SV**

Solskjerming av Daletunet vert bestilt, i samsvar med saksutgreiinga. Kommunedirektør innhentar tilbod på solskjerming frå leverandør. Tiltaket vert gjennomført innan rammeavtale sommaren 2021. Finansiering av tiltaket sjå PS 55/21

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**



**På vegne av SV, Sp og Høgre la Amalie Johnsen Lunde fram følgjande forslag til vedtak:**

Solskjerming av Daletunet vert bestilt, i samsvar med saksutgreiinga. Kommunedirektør innhentar tilbod på solskjerming frå leverandør. Tiltaket vert gjennomført innan rammeavtale sommaren 2021. Finansiering av tiltaket sjå PS 55/21

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget .  
Kommunedirektøren sitt forslag fekk 2 stemmer (Ap). Fellesforslaget fekk 5 stemmer (Sp,SV,Høgre, Frp) og vart vedteken.

**FPØ - sak 52/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Solskjerming av Daletunet vert bestilt, i samsvar med saksutgreiinga. Kommunedirektør innhentar tilbod på solskjerming frå leverandør. Tiltaket vert gjennomført innan rammeavtale sommaren 2021. Finansiering av tiltaket sjå PS 55/21

---

**53/2021: DALSEIDVEGEN - PUNKTUTBETRING**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtek utbetring av følgjande punkt på Dalseidvegen:

Utbetre punktet som i dag er stengt, og utgreia i notat frå Sweco, kostnad 2.8 MNOK, samt eit anna punkt 100 m lenger nord på Dalseidvegen, med same tekniske tilstand/utgliding av vegbane / mur, kostnad 2.2 MNOK. Heile Dalseidvegen kan då opnast for biltrafikk. Samla kostnad for begge tiltaka er kr 5 MNOK inkl mva. Arbeidet kan takast over rammeavtale med entreprenør.

Finansiering av tiltaket vert gjort som budsjettjustering i Tertial 1, 2021.

**Oversendingsforslag frå Høgre lagt inn i møteportalen av Erlend Hesjedal- Johannessen,H**

Ved behandling i kommunestyret skal følgjande spørsmål svarast ut:

1. Kva er dei estimerte kostnadane ved å få resterande deler av vegen i stand til å brukast som bilveg?
2. Kva er dei estimerte vedlikeholdskostnadene for å halda vegen open per år?
3. Er det tilrådeleg å utbedre berre det eine punktet nærast Dale, og ikkje det punktet nærast Dalseid? Kan ein eventuelt gjere mindre tiltak her?
4. Kan nedskalering av bruk t.d. lågare akselvekt, lågare fart påverke behov for reparasjon av vegen?
5. Kva er rasfaren per i dag frå dagens vegsperring og til Dalseid? Kva tiltak må ein eventuelt gjera for å trygga vegen mot ras?



6. Kva er estimert kostnad ved å laga vegen i stand til å bli brukt som gang- og sykkelveg?

**Utsetjingsforslag lagt inn i møteportalen av Amalie Johnsen Lunde,H**

1. Saka vert utsett til formannskapsmøtet 5. oktober
2. Formannskapet ber administrasjonen ta med følgande spørsmål i ny sak:
  - Kva er dei estimerte kostnadane ved å få resterande deler av vegen i stand til å brukast som bilveg?
  - Kva er dei estimerte vedlikeholdskostnadene for å halda vegen open per år?
  - Er det tilrådeleg å utbedre berre det eine punktet nærast Dale, og ikkje det punktet nærast Dalseid? Kan ein eventuelt gjere mindre tiltak her?
  - Kan nedskalering av bruk t.d. lågare akselvekt, lågare fart påverke behov for reparasjon av vegen?
  - Kva er rasfaren per i dag frå dagens vegsperring og til Dalseid? Kva tiltak må ein eventuelt gjera for å trygga vegen mot ras?
  - Kva er estimert kostnad ved å laga vegen i stand til å bli brukt som gang- og sykkelveg?

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

**På vegne av Høgre la Erlend Hesjedal-Johannessen, H fram følgjande oversendingsforslag:**

Ved behandling i kommunestyret skal følgande spørsmål svarast ut:

1. Kva er dei estimerte kostnadane ved å få resterande deler av vegen i stand til å brukast som bilveg?
2. Kva er dei estimerte vedlikeholdskostnadene for å halda vegen open per år?
3. Er det tilrådeleg å utbedre berre det eine punktet nærast Dale, og ikkje det punktet nærast Dalseid? Kan ein eventuelt gjere mindre tiltak her?
4. Kan nedskalering av bruk t.d. lågare akselvekt, lågare fart påverke behov for reparasjon av vegen?
5. Kva er rasfaren per i dag frå dagens vegsperring og til Dalseid? Kva tiltak må ein eventuelt gjera for å trygga vegen mot ras?
6. Kva er estimert kostnad ved å laga vegen i stand til å bli brukt som gang- og sykkelveg?

Formannskapet stilte spørsmål knytt til saka. Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset, samt kommunalsjef Atle Fasteland gav utdjupande informasjon.

**Formannskapet sette fram følgjande utsetjingsforslag:**

1. Saka vert utsett til formannskapsmøtet 5. oktober
2. Formannskapet ber administrasjonen ta med følgande spørsmål i ny sak:
  - Kva er dei estimerte kostnadane ved å få resterande deler av vegen i stand til å brukast som bilveg?
  - Kva er dei estimerte vedlikeholdskostnadene for å halda vegen open per år?
  - Er det tilrådeleg å utbedre berre det eine punktet nærast Dale, og ikkje det punktet nærast



Dalseid? Kan ein eventuelt gjere mindre tiltak her?

- Kan nedskalering av bruk t.d. lågare akselvekt, lågare fart påverke behov for reparasjon av vegen?
- Kva er rasfaren per i dag frå dagens vegsperring og til Dalseid? Kva tiltak må ein eventuelt gjera for å trygga vegen mot ras?
- Kva er estimert kostnad ved å laga vegen i stand til å bli brukt som gang- og sykkelveg?

Utsetjingsforslag vart samrøystes vedteke.

### **FPØ - sak 53/2021 Vedtak/Tilråding:**

1. Saka vert utsett til formannskapsmøtet 5. oktober
2. Formannskapet ber administrasjonen ta med følgande spørsmål i ny sak:
  - Kva er dei estimerte kostnadane ved å få resterande deler av vegen i stand til å brukast som bilveg?
  - Kva er dei estimerte vedlikeholdskostnadene for å halda vegen open per år?
  - Er det tilrådeleg å utbedre berre det eine punktet nærast Dale, og ikkje det punktet nærast Dalseid? Kan ein eventuelt gjere mindre tiltak her?
  - Kan nedskalering av bruk t.d. lågare akselvekt, lågare fart påverke behov for reparasjon av vegen?
  - Kva er rasfaren per i dag frå dagens vegsperring og til Dalseid? Kva tiltak må ein eventuelt gjera for å trygga vegen mot ras?
  - Kva er estimert kostnad ved å laga vegen i stand til å bli brukt som gang- og sykkelveg?

---

### **54/2021: TRAFIKKSIKRINGSTILTAK DALE**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner oppstart av etablering av gangløyising frå Dale sentrum til Turbinen. Dei to andre trafikktryggingstiltaka, i Dalseidvegen og Hestavollen / Kalvakroken, vert innarbeidd i forslag til budsjett for 2022

#### **Fellesforslag frå Sp, SV og Høgre lagt inn i møteportalen av Kjartan Haugsnes,SV**

Kommunestyret godkjenner oppstart av etablering av gangløyising frå Dale sentrum til Turbinen og trafikktryggingstiltaka, i Dalseidvegen og Hestavollen / Kalvakroken. Finansiering av tiltaka sjå PS 55/21

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

#### **Behandling:**

**På vegne av Sp,SV og Høgre la Kjartan Haugsnes, SV fram følgjande forslag til vedtak:**



## Vaksdal kommune

Kommunestyret godkjenner oppstart av etablering av gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen og trafikktryggingstiltaka, i Dalseidvegen og Hestavollen / Kalvakroken. Finansiering av tiltaka sjå PS 55/21

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot fellesforslaget. Kommunedirektøren sitt forslag fekk to stemmer(Ap) og falt, Fellesforslaget fekk 5 stemmer (Sp,SV og Høgre) og vart vedteke.

### **FPØ - sak 54/2021 Vedtak/Tilråding:**

#### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret godkjenner oppstart av etablering av gangløysing frå Dale sentrum til Turbinen og trafikktryggingstiltaka, i Dalseidvegen og Hestavollen / Kalvakroken. Finansiering av tiltaka sjå PS 55/21

---

### **56/2021: TERTIAL 1 - 2021 VAKSDAL KOMMUNE**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Tertialrapport 1 vert godkjent slik den ligg føre.

I tråd med tekstdelen til budsjett for 2021 blir overføringa til Vaksdal Næringssselskap auka med 250 000,-, til 1 250 000,- for 2021.

Følgjande budsjettjustering vert godkjent:

D 14700.7000.3250

K 19500.9990.8800

Midlane blir tatt frå Næringsfondet, 251080021.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

#### **Behandling:**

Økonomisjef Kenneth Stokke orienterte om 1. tertial 2021 i samband med gjennomgang av Årsrekneskap 2020 i sak 55/2021.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

### **FPØ - sak 56/2021 Vedtak/Tilråding:**

#### **Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Tertialrapport 1 vert godkjent slik den ligg føre.



I tråd med tekstdelen til budsjett for 2021 blir overføringa til Vaksdal Næringssselskap auka med 250 000,-, til 1 250 000,- for 2021.

Følgjande budsjettjustering vert godkjent:

D 14700.7000.3250

K 19500.9990.8800

Midlane blir tatt frå Næringsfondet, 251080021.

---

## 57/2021: NY ORGANISASJONSMODELL

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek modell slik kjem fram i punkta under, gjeldande frå 1. august 2021.

1. Vaksdal kommune har ikkje frå 01.08.21 assisterande rådmann / kommunedirektør.
2. Vaksdal kommune skal ha kommunalsjefar innan fylgjande område:
  - Helse og meistring
  - Oppvekst og kultur
  - Digitalisering, innovasjon og samfunn
1. Vaksdal kommune skal ha stabsleiarar innan fylgjande område:
  - Økonomi og verksemdstyring
  - HR, organisasjonsutvikling og innbyggjarservice
2. Vaksdal kommune har frå 01.08.21
  - 1 einingsleiar helse og meistring
  - 2 einingsleiarar oppvekst og kultur
  - 1 einingsleiar digitalisering, innovasjon og samfunn (ny stilling)
3. I kommunedirektøren sin stab vil òg kommuneoverlege funksjonen, politisk sekretær og kommunikasjonsmedarbeidar høyre til.
4. Organisasjonsmodellen skal evaluerast etter 3 år, hausten 2024. Evalueringa skal spesielt ha fokus på korleis modellen har fungert både i høve til administrativ og politisk leiing. Vidare må ein evaluere det tverrsektorielle samarbeidet i organisasjonen. Det må òg evaluerast om einingsleiarmodellen med 2 einingsleiarar innan oppvekst og kultur og 1 innan helse og meistring er framtidiretta.

### Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021

#### Behandling:

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 57/2021 Vedtak/Tilråding:**



## Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek modell slik kjem fram i punkta under, gjeldande frå 1. august 2021.

1. Vaksdal kommune har ikkje frå 01.08.21 assisterande rådmann / kommunedirektør.
2. Vaksdal kommune skal ha kommunalsjefar innan fylgjande område:
  - Helse og meistring
  - Oppvekst og kultur
  - Digitalisering, innovasjon og samfunn
3. Vaksdal kommune skal ha stabsleiarar innan fylgjande område:
  - Økonomi og verksemdstyring
  - HR, organisasjonsutvikling og innbyggjarservice
4. Vaksdal kommune har frå 01.08.21
  - 1 einingsleiar helse og meistring
  - 2 einingsleiarar oppvekst og kultur
  - 1 einingsleiar digitalisering, innovasjon og samfunn (ny stilling)
5. I kommunedirektøren sin stab vil òg kommuneoverlege funksjonen, politisk sekretær og kommunikasjonsmedarbeidar høyre til.
6. Organisasjonsmodellen skal evaluerast etter 3 år, hausten 2024. Evalueringa skal spesielt ha fokus på korleis modellen har fungert både i høve til administrativ og politisk leiing. Vidare må ein evaluere det tverrsektorielle samarbeidet i organisasjonen. Det må òg evaluerast om einingsleiarmodellen med 2 einingsleiarar innan oppvekst og kultur og 1 innan helse og meistring er framtidsretta.

---

## 58/2021: VURDERING ANBUD PENSJONSLEVERANDØR

### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vel å ikkje konkurranseutsette pensjonstenestene til Vaksdal Kommune og blir dermed værande i KLP.

### Forslag frå Frp, lagt inn i møteportalen av Boris Groth, Frp

Vaksdal kommune konkurranseutsetter administrasjonen av pensjonstenestene, og kommunedirektøren får i oppdrag å førebu og forestå gjennomføring av konkurransen.



**Behandling:**

Ordførar informerte om at ho med fleire hadde vorte oppringt av Storebrand.

**Boris Groth, Frp la fram følgjande forslag til vedtak:**

Vaksdal kommune konkurranseutsetter administrasjonen av pensjonstenestene, og kommunedirektøren får i oppdrag å førebu og forestå gjennomføring av konkurransen.

Formannskapet drøfta saka.

Økonomisjef Kenneth Stokke orienterte om saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart sett opp mot Boris Groth, Frp sitt framlegg til vedtak. Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak fekk 6 stemmer (Ap,H,Sp,SV) og Boris Groth sitt framlegg til vedtak fekk 1 stemme (Frp) og falt.

**FPØ - sak 58/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Kommunestyret vel å ikkje konkurranseutsette pensjonstenestene til Vaksdal Kommune og blir dermed værande i KLP.

---

**59/2021: ENDRING AV NAMN PÅ EKSINGEDALEN SKULE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune endrar frå 1. august 2021 namn på Eksingedalen skule til Eksingedalen oppveksttun

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 59/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Vaksdal kommune endrar frå 1. august 2021 namn på Eksingedalen skule til Eksingedalen oppveksttun

---

**60/2021: ENDRING AV NAMN PÅ STAMNES BARNEHAGE OG STAMNES SKULE**





**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommune endrar frå 1. august 2021 namn på Stamnes skule og Stamnes barnehage til Stamnes oppveksttun.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 60/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Vaksdal kommune endrar frå 1. august 2021 namn på Stamnes skule og Stamnes barnehage til Stamnes oppveksttun.

---

**61/2021: PLASSERING AV MATVOGN PÅ KOMMUNAL GRUNN FOR SAL AV MAT SOM "TAKE AWAY"**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet i Vaksdal kommune opnar for plassering av matvogn på kommunal grunn for sal av mat som «take-away», med Dalegarden og Dale sentrum som mogelege lokalitetar, blant andre.

Føresetnaden er at forholda lokalt er eigna. Det vert sett følgjande vilkår for ei mogeleg plassering:

- Det skal vere skriftleg avtale mellom partane.
- Plasseringa må vere i tråd med arealføremålet og eventuelle føresegner i kommuneplanen.
- Plasseringa skal ikkje gjelde for meir enn eitt år om gongen.
- Spørsmål om plassering av matvogn skal vurderast/handsamast etter plan- og bygningslova og eventuelt anna relevant regelverk (søknadsplikt).

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Formannskapet drøfta saka.

Kommunedirektør Atle Fasteland svarte på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 61/2021 Vedtak/Tilråding:**



## Vaksdal kommune

Formannskapet i Vaksdal kommune opnar for plassering av matvogn på kommunal grunn for sal av mat som «take-away», med Dalegarden og Dale sentrum som mogelege lokalitetar, blant andre.

Føresetnaden er at forholda lokalt er eigna. Det vert sett følgjande vilkår for ei mogeleg plassering:

- Det skal vere skriftleg avtale mellom partane.
- Plasseringa må vere i tråd med arealføremålet og eventuelle føresegner i kommuneplanen.
- Plasseringa skal ikkje gjelde for meir enn eitt år om gongen.
- Spørsmål om plassering av matvogn skal vurderast/handsamast etter plan- og bygningslova og eventuelt anna relevant regelverk (søknadsplikt).

---

### **62/2021: TV -AKSJONEN 2020 - STØTTE TIL PLAN NORGE**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet løyver kr. 10.000,- til TV-aksjonen 2021.

Midlane vert ført på konto 1000, ansvar 1000.

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

#### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

#### **FPØ - sak 62/2021 Vedtak/Tilråding:**

Formannskapet løyver kr. 10.000,- til TV-aksjonen 2021.

Midlane vert ført på konto 1000, ansvar 1000.

---

### **63/2021: MEDLEMSSKAP I VISIT BERGEN**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**



Vaksdal kommune søker om medlemskap i Visit Bergen snarast råd er og seinast frå 01.01.22.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FPØ - sak 63/2021 Vedtak/Tilråding:**

**Formannskapet si innstilling til kommunestyret:**

Vaksdal kommune søker om medlemskap i Visit Bergen snarast råd er og seinast frå 01.01.22.

---

**64/2021: KOMITE FOR Å SJÅ PÅ MARKERING AV 10 ÅR ETTER 22. JULI - ÅTAKA**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Komiteé for å sjå på 10 årsmarkering etter 22. juli åtaka består av ordførar Hege Eide Vik og leiar i ungdomsrådet Mai Kristin Løtvedt Larsen, samt eit medlem valt av Vaksdal arbeidarparti.

Komiteen er i funksjon frå 1. juni til 1. august 2021.

**Forslag til teksttillegg lagt inn i møteportalen av Thor Andersen, Ap**

Teksttillegg: Ole Anders Brekkhus sammen med Jostein Vasstveit som har kontakt inn mot skolene i kommunen.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

**Behandling:**

Ordførar orienterte om at ho er blitt kontakta av Kyrkja som også har fått oppmoding om ei markering. Dei ønskjer å sjå på eit evt. samarbeid med komiteen.

**I tråd med kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak la Thor Andersen, Ap, fram følgjande forslag til deltakar frå Arbeidarpartiet:**

Ole Anders Brekkhus sammen med Jostein Vasstveit som har kontakt inn mot skolene i kommunen.



## Vaksdal kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.  
Tilleggsforlaget frå Arbeidarpartiet vart samrøystes vedteke.

### **FPØ - sak 64/2021 Vedtak/Tilråding:**

Komiteé for å sjå på 10 årsmarkering etter 22. juli åtaka består av ordførar Hege Eide Vik og leiar i ungdomsrådet Mai Kristin Løtvedt Larsen, samt eit medlem valt av Vaksdal arbeidarparti.

Komiteen er i funksjon frå 1. juni til 1. august 2021.

### **Frå Vaksdal arbeidarparti:**

Ole Anders Brekklus sammen med Jostein Vasstveit som har kontakt inn mot skolene i kommunen.

---

### **65/2021: KULTURPRISEN 2021**

### **Formannskap/plan- og økonomiutvalet 01.06.2021**

#### **Behandling:**

Saka vart behandla i lukka møte, med heimel i offentleglova § 26 2. ledd.

---



## **ORIENTERINGAR**

### **Orientering frå ordførarar**

- Korona og mindre lokalt smitteutbrot
- K5 , Dersom plan kjem til høyring før sommaren kan det bli aktuelt med eit ekstra kommunestyremøte i midten av september for å gje høyringsuttale
- Komité for folketalsvekst
- Prosjekt reiseliv i bygdene med utgangspunkt i nærbutikken
- Styreseinar VNS
- Synfaring med Telenor, telefon og nettdekning
- Møte i Bergensalliansen
- Regional plan for vassforvalting
- Nasjonalt ordførarforum for SP
- 17. mai
- Eigedomsskatteseminar med LVK
- Generalforsamling BKK
- Konsert med AO-bandet
- Informasjonsmøte med BKK vedk. entreprenør-avdelinga Matre-Dale
- K5- prosjektet og høyringsprosess
- Festspelkonsert i Dale kyrkje

### **Orientering frå kommunedirektør**

- Helsebad
- Veglys
- Status tal arbeidsledige frå NAV
- Sjukefråvær
- Auka aktivitet i utadretta engasjement
- KKL
- Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset vart takka av.

### **Orientering om krav på «Sameiet Vaksdal senter»**

Økonomisjef Kenneth Stokke orienterte om gjeldande revisjonsrapport frå Deloitte AS og pkt. "Krav på Sameiet Vaksdal senter". Orienteringa vart heldt i lukka møte jfr kommunelova § 11-5 b jfr offentleglova § 23 første ledd.



### **Orientering om spørsmål frå interessent**

Kommunalsjef for samfunnsutvikling Helge Berset orienterte om spørsmål frå ein interessent ved anbodskonkurranse. Orienteringa vart heldt i lukka møte jfr kommunelova 11-5, b jfr offentleglova § 23 3. ledd

Formannskapet ba også kommunedirektøren om å leggja fram sak for å sjå på innkjøpsstrategi.

### **SPØRSMÅL:**

Heidi Rongved, Ap stilte spørsmål knytt til prosess for vaksinerings og informasjon om status i vaksinasjonsprosessen på kommunen si nettside?

Ordførar, varaordførar, rådmann og Amalie Johnsen Lunde, H svara.

Erlend Hesjedal Johannessen, H stilte spørsmål knytt til brev stila til kommunen i 2020 vedk. veglys.

Rådmannen svarte.

Thor Andersen, Ap stilte spørsmål knytt til kjøp av tenester innanfor t.d. psykisk helse og kva vi kan få til i eigen kommune.

Rådmannen svarte.